



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

Uttale til forslag til ny kraftrasjoneringsforskrift

Vi viser til dykkar brev av 30. juni, der vi vart invitert til å gi uttale til den nye forskrifta om handtering av situasjonar med knapp tilgang på kraft og kraftrasjonering.

1. Koordineringsrolla til Statsforvaltaren - støtte frå kommunane

Vi meiner at det er ei rett tilnærming når den nye forskrifta føreslår å gi Statsforvaltaren ei tydeleg koordineringsrolle i fordeling av energi ved kraftrasjonering.

Statsforvaltaren vil likevel ikkje ha tilstrekkeleg detaljkunnskap om alle sluttbrukarar som i ei rasjonering bør få unntak eller særbehandling. I vår vurdering vil vi difor vere heilt avhengige av å få informasjon frå andre aktørar, ikkje minst frå kommunane. Dei vil normalt ha god kunnskap om sluttbrukarar med særlege behov. Det kan likevel vere nødvendig for kommunane å gjere kartleggingar for å supplere denne kunnskapen, for å sikre at Statsforvaltaren kan basere si innstilling på eit best mogleg kunnskapsgrunnlag.

Vår erfaring er at kommunane i det store og heile er positive til å følge opp når vi ber om kartleggingar, vurderingar m.v. på ulike område. Vi trur likevel at det bør vurderast om det gjennom forskrifta, eller på andre måtar, kan etablerast ei plikt til medverknad for kommunane. Det vil gjere det mogleg for Statsforvaltaren å pålegge ein kommune å bidra med kartlegging, i tilfelle den meiner å ikkje ha kapasitet til det, eller den av andre grunnar måtte vegre seg mot å gjere det.

2. KDS som primært kontaktpunkt for dialogen mellom nettselskapa og Statsforvaltaren

Det vil vere ei omfattande oppgåve for Statsforvaltaren å lage oversyn over sluttbrukarar som bør særbehandlast eller få unntak. Som nemnt ovanfor treng vi informasjon frå mange ulike aktørar for å kunne bidra til ei mest mogleg rettferdig og treffsikker gjennomføring av ei rasjonering

I tillegg til at det er mange kommunar i Vestland (43) er det og mange nettselskap. Det er difor nødvendig å ha som hovudprinsipp at i planlegginga av ei rasjonering går dialogen vår med nettselskapa via KDS. At KDS har ei aktiv rolle i dette vil bidra til ei betre samordning og meir lik tilnærming mellom nettselskapa.

3. Rasjoneringsplanar for store sluttbrukarar

Vi er samde i at det bør vere rasjoneringsstyresmakta som utarbeider eigne rasjoneringsplanar for store sluttbrukarar, jf. § 21.

For nokre store sluttbrukarar vil ei rasjonering kunne gi store konsekvensar for både verksemda sjølv, for lokalsamfunnet og for regionen. Gjennom forskriftsarbeidet bør det difor etablerast ei plikt for



rasjoneringsstyresmakta til å innhente kunnskap frå Statsforvaltaren, i dei tilfella der ei rasjonering vil kunne få særleg store negative konsekvensar.

4. Konkurransesvidande konsekvens av energirasjonering

Vurderinga av kva sluttbrukarar som kan reknast for å ha kritiske samfunnsfunksjonar, og med det bør få unntak frå kvoterasjonering, vil vere utfordrande. For å sikre at folk får tilgang på mat og andre basisvarer, må det t.d. sikrast at daglegvareforretningar og bensinstasjonar kan halde opent.

Viss det av omsyn til det totale energiforbruket likevel må vere ei regulering av næringa, er det viktig å ha ordningar som sikrar at rasjoneringa ikkje verkar unødig konkurransesvidande mellom aktørane. Mangel på ei slik ordning vil raskt utløyse krav om erstatning.

5. Usemje om rasjoneringsplanar

I høringsutkastet vert det slått fast at det ikkje er høve til å klage på rasjoneringsplanar frå nettselskapa, fordi det ikkje er å sjå på som utøving av offentleg mynde. Vidare går det uttrykkeleg fram av energilova § 6-2 tredje ledd at reglane i forvaltningslova om klage gjeld ikkje ved delegerte enkeltvedtak om kraftrasjonering.

Vi meiner at ei kvoterasjonering vil kunne gi så inngripande konsekvensar at det er nødvendig å sjå på om det likevel er nødvendig med eit anke-/klagesystem. Det kan t.d. vere i tilfelle det måtte vere usemje mellom Statsforvaltaren og nettselskapet, eller i tilfelle ein sluttbrukar meiner at ei rasjonering vil vere særleg problematisk.

Dette kan vere avgjerder som må takast raskt, og der det er risiko for at konsekvensane av rasjoneringa ikkje er godt nok opplyste. Ulike sluttbrukarar vil kunne få positive eller negative effektar av vurderingar som gjeld ein annan sluttbrukar. Sjølv om forskrifta eller lova ikkje set forbod mot å gjere ei ny vurdering, vil den manglande formelle klageretten kunne føre til ulik praksis mellom ulike KBO-område, om korleis ein handterer påstandar om feil i rasjoneringsavgjerder.

Etter vårt syn er det uheldig at det ikkje finst eit formelt høve til å klage over enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova, til dømes dersom kjem påstandar om feil i avgjerdsgrunnlaget.

Sjølv om vi ser at det truleg må lovendring til, foreslår vi difor å etablere eit system som gjer det mogleg å løfte ei avgjerd tatt av eit lokalt nettselskap, til rasjoneringsstyresmakta for ny vurdering.

6. Kraftrasjonering i heile krisespekteret

Vi kan ikkje sjå at forskrifta legg til grunn at systemet for å handtere knapp tilgang på energi er tenkt å vere det same i heile krisespekteret, t.d. viss manglande tilgang på energi skuldast tryggleikspolitiske forhold og hendingar.

Vi vil difor tilrå at det vert gjort tydeleg korleis det er tenkt.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
Assisterande statsforvaltar

Haavard Stensvand
Fylkesberedskapssjef